



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Representantane.

ÅRSMØTET 2023

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: Torsdag 08.06.2023

Stad: Heradsstyresalen, Kvam rådhus

Tid: Klokka 09.00 - 10.00

Representantskapet er Årsmøte

Agenda:

Kl. 09.00 - 10.00 Ekstraordinært årsmøte Hardangerrådet IKS

Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6.

Sakliste:

Konstituering:

*Godkjenning av innkalling og agenda.

*Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.

Årsmøtesak 08/23

Val av styre

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet (Tlf 53 67 14 50) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med dagleg leiar Jostein Eitrheim dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 11.05.2023

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Roald Aga Haug/s

Rådsordførar

Jostein Eitrheim/s

Dagleg leiar

Kopi av innkallinga til kommunane.



Årsmøtesak ekstraordinært årsmøte Hardangerrådet iks 08.06.2023

Årsmøtesak 08/23

Val av styre

Frå saksutgreiing til ordinær årsmøtesak 06/23 Val av styre:

I følgje Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2-årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Begge kjønn skal vera representert i styret og på varalista. I 2012 vart det bestemt at rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlemmene Jostein Ljones og Hans Petter Thorbjørnsen samt varamedlemmene som skal veljast kvart år. Likeins skal årsmøtet velja styreleiar og nestleiar for 1 år.

Vedtak:

Styremedlem	Hans Petter Thorbjørnsen	2023 - 2025 attval
Styremedlem	Frode Nygård	2023 - 2025 ny
Styreleiar	Solfrid Horne-Moe	2023 - 2024
Nestleiar	Hans Petter Thorbjørnsen	2023 - 2024
1. varamedlem	Astrid Oma Seljestad	2023 - 2024
2. varamedlem	Finn Kristoffersen	2023 - 2024

Nytt styre 2023 - 2024:

Solfrid Horne-Moe	styreleiar
Hans Petter Thorbjørnsen	nestleiar
Frode Nygård	styremedlem
Astrid Oma Seljestad	1.varamedlem
Finn Kristoffersen	2.varamedlem

Ved gjennomsyn av IKS-lova syner det seg at valet av nytt styre medfører at det nyvalde styret ikkje oppfyller krava i IKS-lova kva gjeld valde styremedlemmer i Hardangerrådet iks.

IKS-lova §10 seier m.a.:

Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret.

Selskapsavtalen for Hardangerrådet iks seier i § 6 Representantskap:

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet er til ei kvar tid medlemmene i regionrådet.

Valet innber såleis at ordførar i Ulvik, Hans Petter Thorbjørnsen, er medlem i både representantskapet og styret, noko som er i strid med IKS-lova.

Det vert difor kalla inn til ekstraordinært årsmøte for å handsama sak 08/23 Val av styre slik at valde styremedlemmer ikkje er dagleg leiar eller representantskapsmedlem. Jfr. IKS-lova §10.